



ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 10

DESEMBER 1976

26. årgang

Jula 1976 eit vendepunkt

Seremoniane er gode for menneska. Alle samfunn har dei, om enn ulike. Julegudstenester har ein god stabilisering funksjon i vårt samfunn. Reint allmenreligiøst er det godt for oss å ha kyrkja.

Men aldri kan noe halde fram med å vere vernande og inspirerande utan ei aktiv kjerne. Og aldri kan noen få grunnleggande rett utan at ein søker inn til sentrum. Det er godt med alle positive sermonielle funksjonar kyrkja har. Folk skal med glede bruke dei. Men alt blir i lengda dødt og makteslaust utan indre kraft både for samfunn og enkeltmenneske.

Vendepunktet til nytt liv er dette: Tru og satse på at Jesus er frelsar og herre. Kristentru er den berande livskraft.

Vi siterer til slutt Trygve Leergaard i nr. 1 — 1. årg. av Orkdal menighetsblad: «I verden hersker vold og urettferdighet, egennytte, svik og troløshet. Men ledelsen av verdenshistorien tilhører dog ikke makthaverne på jorden, men den første på hvis skuldre fyrstendømmet er lagt. Jes. 9,6. Han skal lede folkenes historie fram til det mål som han har bestemt».

TRYGVE LEERGAARD

Etter at bladet er oppsett kjem melding om at Trygve Leergaard døde på Orkdal sjukehus 7. 12. Han var prest i Orkdal fra 1930 — 1967.

Menighetsbladet 25 år

For nett 25 år sidan kom Orkdal menighetsblad med sitt første nummer. I tankane omkring dette oppdagar vi også fort at årgangsummereringa vår har vore gal i mange år. Det har skjedd med at årgangane 64 og 65 har fått same nummerering. Vi vonar at ingen har oppdaga dette ikkje betyr at menighetsbladet blir lese overfladisk. I. årgang kom altså med eitt nr., nemleg desember 51. 26. årgang får da også berre stå utanpå eitt (Framh. s. 2).

«Geitastrand Ytre kvinneforening av NMS»

134 årsjubileum

«Geitstrand Ytre Kvinneforening av NMS» meinte at foreninga var 100 år og innbaud til jubileumsfest i Kjøren grennstue 28.11 -1976. Men så viste det seg at foreninga var 134 år — stifta i 1842 — same år som NMS vart stifta. Det var Marit Myren Halsen som fann ut dette da ho skulle gje seg ikast med å skriva ei hundreårsberetning. Ho rådførte seg med foreningens eldste medlem — Kirsti Halsen (91 år) og ho hadde i sine gjemmer: notater — brev — oppteikningar som klårt viste at foreninga vart stifta på hausten 1842. Det var omgangsskolelærar og bonde Jon Ofstad som dette året kalla inn alle oppsitterne til eit møte på garden Halsen og der vart så ei sokneforening for Geitastrand stifta. (Børsa prgj). Det finnst ingen notert om kven som vart formann — men det var vel helst omgangsskolelæraren sjølv. Av beretningen gjekk det elles fram at det forutan den første formann berre har vore tre formenn: Edrikka Halsen, Karen Klomstein og noverande Marit Myren Halsen. Altså 4 formenn på 134 år. Det må vel mest vera norgesrekord. Ein kan vel elles gå ut frå at Geitstrand sokneforening for misjon har vorte oppdelt i arbeidslag nokså snart. Geitastranda er ei langstrakt


Framh. s. 3.

MENIGHETSBLAD FOR ORKDAL PRESTEGJELD

Nr. 1-2

DESEMBER 1951

1. årg.

SLEKTTERS GANG**Døpte**

Orkanger


- 31.10: Torunn Singstad
14.11: Ketil Hansen
14.11: Thomas Skjevik
14.11: Siri Hansen
21.11: Monica Metliås

Orkdal.

- 24.10: Terje Forren
24.10: Ann Iren Ratdal
24.10: Elisabeth Eggan
24.10: May Renate Erichsen
14.11: Mary Ingeborg Sellæg (Ranem k)
21.11: Hilde Storset
28.11: Stig Ove Engløkk
28.11: Hilde Johansen

Orkland.

- 14.11: Ola Gåsbakk


**Vigde**

Orkanger.

- 6.11: Åge Gjerde og
Aud Elbjørg Børset

Orkdal.

- 6.11: Arild Olsen og
Anne Mari Forren

**Døde**

Orkanger.

- 30.10: Johannes Rostad f. 1885
2.11: Lars E. Larsen f. 1905
8.11: Carsten Leonard Larsen f. 1914.
14.11: Einar Berg f. 1919.
28.11: John J. Svorkmo 1898.

Megården bedehus 75 år

8. des. 76 er det 75 år sidan Megården bedehus blei innvigd. Vigselalten i 1901 blei halden av prost Skauge over salme 142 v. 5.

«Han fremholdt at ingen iblandt oss nu kunne unskyldte seg med at der ikke blev spurt etter deres sjel. Og videre betonet han kristenfolkets ansvar med hensyn til deres plikt å spørre etter sjelene» (Anne Muhle) Per Nordsletten var til stades og tala om: «Lykksalig det folk hvis Gud Herren er» Salme 144,15. Res. kap. Gustav Jenssen var formann i indremisjonsforeninga. Jon Wolden skaffa tomt til huset, A. Skaugeberg gardsplass, og lærar A. Vormdal tegningar og byggeplan. Bygningsmenn var Erik Garberg og Lars Gisvoll. Huset kom på 1.850 kr. Orkanger bedehus som før hadde vore bedehus for heile prestegjeldet var reist alt i 1861, alt-så i år for 115 år sidan.

80 år i bygdas tjeneste

Moderne butikk - Godt vareutvalg.

Bensin- og servicestasjon.

Velkommen inn.

Svorkmo Handelssamlag**Orkdal Sparebank**

Orkanger . . . kl. 08.00 - 15.00
Torsdager . . . kl. 08.00 - 18.00
(Tlf. 80 450)
Fannrem . . . kl. 08.00 - 14.30
(Tlf. 82 191)
Selbekken . . . kl. 09.00 - 14.30
(Tlf. 115)

Lørddager er alle kontorer
stengt.

Menighetsbladet 25 år

Framh. frå s. 1.

nr., jubileumsbladet vårt denne gongen. Frå nyttår kjem det med rette til å stå 27. årgang.

Vi takkar for interessa lesarane syner. Innbetalingane er eit prov på at vi har ein positiv innstilt lesekritis. Utan toleg økonomi hadde vi ikkje overlevd. Vi for vår del trur bladet har ei stor oppgåve, og held fram med frimod.

Konstsads Bokhandel

Orkanger.

Bøker - Papir
Skolemateriell

SØLVVARER

til
BARNEDÅP BRYLLUP KONFIRMASJON
Gullsmed

John ROHME
7300 Orkanger

Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidskrifter, forretningstrykk m.m.
Telf. og post: 7330 Svorkmo.

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:

Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkkel
Agnes Singstad

Redaktør: Inge Eidhamar

Annonser:

Sigmund Haugset.

Kasserar:

Ivar Fandrem, 7320 Fanrem.

Postgironr.: 32 68 72.

Takk for gåver og kontingent.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo

Lærar Halgunset helste frå Orkdal fellesforening. Elles var det helsingar frå naboforeiningar og medlemmer. Formannen i Trøndelag krets av Misjonssambandet helste frå Orkladal felleslag av M.S. Festleg bord og storarta traktement skal heller ikkje gløymast. Ein verdig fest.

Men så nokre ord om mannen som stifta Orkladalførrets første forening av NMS. Jon Ofstad var eit «Haugebarn». Hans Nilsen hadde på sine turar til Trøndelag budd på garden Ofstad fleire gonger. Han hadde «fast stasjon» der. Ved eit par høve budde han rett så lenge, som t.d. da han fekk bygd saltkokeri på Klomstein. Odelsgutten på Ofstad — Johan var i denne tida ugift og det var mykje om å gjera for Hauge at han skulle bli gift med ei troende jente frå veneflokkene. I eit brev han skreiv frå Tofte på Dovre 12.9 1803 til vener i Trøndelag — har han funne høveleg kome emne til Johan. Det er Ingeborg Meslo frå Rennebu. Han nemner dei begge to i brevet og ber dei gifta seg så det kan bli ein kristeleg heim i bygda. Til Ingeborg nemner han at ho er veikhelsug — så ho skal vera undtatt frå å formere verden. Det kan andre gjera. Det ser altså ut til at H. N. Hauge har tenkt seg eit platonisk ekteskap. Dei to unge fulgte rådet ifrå Hauge og gifta seg i januar 1804.

Då var Johan Ofstad 39 år og Ingeborg Meslo 30 år. Noko platonisk ekteskap vart det likevel ikkje. I september 1805 vart første barnet fødd — sonen Jon. Seinare kom to søner til: Arnt og Johan. I 1807 døydde Johan

og Ingeborg vart enke med 3 små gutter. Ja, den yngste var enno ikkje fødd. Nokre år seinare gifte ho seg oppatt med Peder Husdal. Det var uråd i lengden å greia seg utan husbond på garden.

Odelsguten Jon vaks seg til ein staut og sers dugeleg unggut. Soknepresten hans — prost i Dalerne prosti Henning Jung-haus Kaurin sette stor pris på han og roste hans kunnskap. Kaurin var skoleorganisatoren i sitt prosti. Loven om omgangsskolen var komen — og prestane skulle finne høvelege lærarar i kvart sokn. Slik vart Jon Ofstad sett til omgangskolelærar med heile Geitastrand til skolekrins. Han vart altså den første lærar i si heimbygd. Ei tid prøvde han seg også som omgangsskolelærar i Oppdal, men kom attende. Jon Ofstad var ein trufast haugianar og ilag med stefaren reiste han mykje ikring og forkynnte Guds ord, helst i bygdelaga i Sør-Trøndelag. Attåt at han var skolehaldar hadde han også tatt over farsgarden og var bonde. Han var 37 år da han i 1842 stifta «Geitastrand sokneforening for misjon». Han hadde også sjølv lenge tenkt å reisa ut som misjonær, men da han var veikhelsug måtte han slå den tanken ifrå seg. Det fortelles om han at han i fleire år kvar dag bad til Jesus Kristus at han måtte vekke andre av hans slekt til å gå ut med misjonsbodskapen. To år etter at han stifta misjonsforeninga døydde han — berre 39 år gml. Da han var ugift hadde han tatt den avgjerda at

(Framh. s. 7).


La oss be

- for julehøgtida at det må bli kristen fest og glede i kyrkje og heim.
- for alle barn og vaksne rundt omkring i verda som lir av svolt og sjukdom.
- for alle som ikkje har hørt Guds ord eller ikkje har sett evangeliets lys.
- for alle på aldersheimane og sjukehusa våre og alle einslege.

La oss takke

- for menigheten vår, dåpen og nattverden.
- for heimen og heimane våre.
- for livet vårt, for slektningar og medmenneske elles.
- for alle mulighetene vi har fått.





GLEDESDAG I MOSKJERKA

Intervju med kunstmålaren

Hun byr kruttsterk kaffe. Vi rydder unna en snipp av arbeidsbenken til koppene. Sitter ned og ser at Gud bruker vann: et glassmaleri står halvferdig montert i det store vinduet ut mot bakgården og forteller i duse farger om en Herre som skapte liv ut av store havdyp og som gir dåpen til fortsatt «vandring i vann».

Veslemøy Stoltenberg har fått en krok i et glassmesterverksted. Hit har hun stukket fra hus og ungdommer noen timer av og til for å fremstille skapelses- og frelseshistorien på 6 glassmalerier til Orkland kirke i Trøndelag. Det har tatt flere år. Blir et av barna forkjølet, går det en mnd. ekstra.

Det begynner i et rede: — Gud har skapt oss inn i en sammenheng og gitt oss muligheter. I det første bildet viser Veslemøy Stoltenberg en Gud som har omsorg for oss, på samme måte som Han vil at vi skal ha omsorg for hverandre. Gud skaper.

Det er denne Gud som bruker vann. Som bevarer gjennom vannflommens kaoskrefter og hvelver løftenes bue over vannet i dåpen.

Det er denne Gud som bøyer seg ned i det tredje bildet. Så langt at det ble lidelse og død av det. Dette glassmaleriet har bare en tornekrone. Men den vonde og smertefulle sirkelen sprenges av anelser lys som springer fram langs en kors-åpning i kronen.

I det neste bildet flommer lyset utover. Oppstandelse! Lysets seier over mørket: Gud Oppreiser — retter opp det lutherske «innkrøkt i seg selv».



En av veteranene på verkstedet kommer inn og bytter glassbiter i rammen mot bakgården. Bærer inn nytt gudsliv over brede, grå gulvplanker. — Hun har valgt en teknikk som krever kvinnelig tålmodighet, sier han. Først risser hun skisser på glasset. Deretter stryker hun på farge, en av gangen, over hele glassbiten. Det hun ikke skal ha, tar hun bort med pensel. Farge på begge sider av glasset. Til slutt brennes det inn.

Alle bitene til det femte bildet er på plass. — Når Gud bøyer seg ned i vår historie har vi det med oss videre som et pant, sier Veslemøy Stoltenberg. Det femte bildet handler om den niste Han gir sine venner. Til reisekost bruker Gud den jordens grøde han selv har skapt, både i nattverden og i det daglige brød.

Til slutt brytes sirkelen. Gud nyskaper. Det fortelles gjennom en rose: — I solmeboka har jeg sett flere salmer som beretter om Guds nyskaping ved å synge om blomster som folder seg ut.

Men det er torner på roser i det sjette bildet.

Gud skaper
Gud bruker vann
Gud bøyer seg ned



— Tror du ikke Jesus har sårmerker når vi møter ham, spør Veslemøy Stoltenberg.

Det er nettopp Guds møte med mennesker hun vil berette om. Hun vet at bildet aldri kan erstatte Ordet, det budskapet Bibelen åpenbarer om Jesus. Men hun tror glassmaleriet kan være med å understreke, klargjøre, gi Ordet nytt liv, vise det på en annen måte, fra en annen vinkel.

Hun er gift med en prest, men teologien i glassbildene har hun besørget selv. Mest ved å leve med i gudstjenesten.

— Den er en fantastisk prosess. Uten gudstjenesten hadde jeg ikke kunnet drive med dette. Det har å gjøre med fornyelse, med å komme tilbake til det som er vesentlig. I gudstjenesten går det an å legge av seg, og hente ny inspirasjon.

Veslemøy Stoltenberg er opptatt av at glassmaleriene hennes skal være i en kirke. Derfor må de kunne fungere der. — Jeg tror de er såpass klare at folk kan finne noe å feste seg ved, få noe. Hvor mye de vil gå i dybden, avhenger av den som ser, sier hun.

— Blir du egentlig forstått, eller er du med din kunst et utskudd på et effektivt kirke-tre?

— Forstått? Det er også spørsmål om å forvalte det jeg har fått. Det kan være tungt mange ganger, fordi det tar lang tid. Men det må også være rom i kirken for det som tar lengre tid, sier Veslemøy Stoltenberg.




Det har med vintreet og forskjellige grener å gjøre.

Glasmåleria på plass

Ved inngangen til nytt kyrkjeår — I. s. i advent — blei dei vakre og forkynnande glasmåleria innvigd og tekne i bruk. Veslemøy Stoltenberg var sjølv tilstades og orienterte om arbeidet sitt. Det var ei oppleveling for menigheten å få vere med på dette. Ho la spesiell vekt på at glasmåleria skulle forkynne og vere til hjelp for menigheten i gudstenestefeiringa. Alteret er midt mellom dei 6 måleria. Nærast alteret på kvar side er motiva: Gud bøyer seg ned og Gud oppreiser. Det blir aktualisert for kvar enkelt når menigheten er samla til tilbeding i gudstenesta. Orkland menighet har fått eit sjeldan verdifullt tillegg i kyrkja si.

Vi rettar spesiell takk til Veslemøy Stoltenberg for arbeid, samarbeid og interesse. Likeins til kyrkjevergen vår, Ingvar Grytdal, som har laga rammer og plassert. Marie Andersen f. Høyredahls legat har dekt stordelen av kostnaden. Men pengar gitt av Ola og Marit Berbu og Anne Wiggen må også tre støttande til. Vi takkar og gleder oss!

Gud oppreiser
Gud bruker jordens grøde
Gud nyskaper



Rapport frå Modum Bad

Ei kort skisse om eit opphold på 2½ månad på pastoralklinisk kurs ved Modum Bads Nervesanatorium.

Hoveintrykk: A. Folk med nervøse lidningar av ulikt slag kan hjelpest. Det mest oppmuntrande var å sjå kor kvar enkelt blei friskare og friske.

B. Den åpne atmosfæren som rår i eit miljø med nervøst plaga menneske. Det å kunne be om hjelp og snakke ut var den store mulighet. Derfor skjedde det vekst og utvikling. Tenk om vi i samfunnet elles kunne leve så åpent!

C. Nervøse menneske er folk med resursar. Itelligens, kunstnarsinn, sterke kjensler, mangla det ikkje på. Det lukka samfunn med sine fastlåste rollespel har ikkje gitt rom for den åpne, barnlege, ekte utagering. Samfunnsforholda drep lett barnet i oss, det beste!


D. Vi kan kome vidare. Det nyttar å ta fatt i uferdige forhold i seg og arbeide vidare slik at det blir vekst og stabilitet. Det som er vondt og i dvale kan bli godt og bere frukt.

E. Respekten for kvart enkeltmenneske. Ingen er mindre verdig. Ikkje noe problem er dumt eller rart. Alt eit menneske slit og kjempar med skal takast alvorleg og gjennomgåast med alvor.

F. Den kristne kjærleiks atmosfære er det åpnaste og mest forståingsfulle stade medmennesker kan møtest på. Ikkje noe er ukjent, rystante eller oppgitt. Det å gi livstrøyte menneske tilbake trua på livet er eit hardt arbeid, men det vil lykkast.

G. Det å ha nærboka kontakt med medmennesker er nødvendig for å leve. Vi må ikkje la noen iblant oss bli einsame. Den kristne menighet har den beste sjansen til å førebyggje med å gi livsmot og åpen miljokontakt.

H. Alle mennesker burde oppleve ei tid på eit nervesanatorium. Da ville vi lære oss til å vere åpne, ha omsorg, oppdage fine evner og rike muligheter hos seg sjøl og andre. Samliv og samfunn ville bli bedre. Kanskje dei nervøst lidande er det såkalla friske samfunn sin største



mulighet? — Ein resurs vi ikkje har lært oss til å bruke!

I. Heimen, barnemiljø og barndomsmiljø er den viktigaste faktor for frigjering frå nervositet, eller til å leggje grunnlag for nervøse lidningar. Det er spørsmål om trygt/utrygt, godt/vondt.

J. Gudstru og menneskeverd er nøyne samanknytt. Kristen tru og tru på mennesket må alltid høre saman. Vi vandrar mot det bedre alltid, mot dag, etter Bibelen.

Eit nervehospital — i eit nøtteskal

Modum Bad har 106 pasientar og 106 tilsette. Det er eit sjukehus for lækjing av nevrosar av alle kategoriar. Enkelpersonar, ektepar og heile

familiar kan takast inntil behandling. Arbeidet skjer i teammiljø med legar, psykologar, prestar, sosionomar, sjukepleiarar, arbeidsterapeutar. Gjennomsnittleg «liggetid» er på 2–3 mnd.

På sjukehusområdet ligg den nyinvigde Olavskyrkja, bygd over Olavskjelda — valfartskjelde frå mellomalderen av. Her er det gudssteneste kvar torsdag kveld og søndag. Sjelsorginstittutet er ein nyreist institusjon når det gjeld bygningar. Men her har vore drive kursverksamd i lengre tid for personell i menighets-samanhang. Institusjonen er framleis under utbygging.

Modum Bads nervesanatorium er først og fremst Gordon Johnsns livs-innslags. Han er no svært aktiv pensjonist. Leitinga av hospitalet er overteke av eit team på 3 legar. Heile det veldige anlegget er reist av frivillige gäver frå kristenfolket i Norge.

ORKDAL ELVERK

*God jul
ønskes alle våre abonnenter*

GÅVER til bladet

Innbetal i oktober:

(Orkanger:)

Ellen Monsen 20. Hildur og Ludvig Hårsaker 20. Karen Dahlen 10. Mary og Harald Martinsen 10. Olga Januschars 10. Inger og Johan Rich. Kielland 20. G. og O. Vik 20. Margit Breunig 10. Inger og Helge Metliås 10. Johanne Gangås 10. Elsa og Sigmund Knutsen 20. Ester Sivertsen 10. Ingeborg Strand 10. Hanna Jamtgård 10. Ingeborg og Ragnvald Knutsen 20. Ragna Sluphaug 20. K. og S. Kjønli 10. Målfrid og Arne Åseth 20. Elsa Rønnes 20. Martin Kjønli 20. Ellen og Ove Antonsen 20. Jorun og Andre Olsen 20. Ellen Johansen 20. John Røhmesmo 10. Ingrid Ustad 15. Moila og Jacob Næss 10. Ingeborg Sivertsen 20. Ellida Johansen 10. Anne og Einar Mælen 10. O. og E. Pedersen 20. Loise Nærvik 10. Tora Ebbesen 10. Thora og John Solberg 10. Aslaug Brandli 10. Jenny Mælen 10. Klara Nærvik 10. Else Solem 20. Ingeborg og Kr. Haugen 10. Solveig Olsvik 10. Geirny Madsen 10. Berit og Rolf Semb 20. Ruth og Einar Kristiansen 10. Marie Solem Rønning 10. Agnes Syvertsen 10. Martin og Sigrid Vigen 10. Aslaug Rein 10. Lilly og Arvid Johnsen 20. Kari og Odd Larsen 10. Anna og Olaf Oddli 20. Tora og Oskar Blåsmo 20. Beret og Per Halsen 20. Hjørdis Fiskum 10. Alison Evjen 10. Inge Jønsberg 10.

(Orkland:)

Einar Monseth 10. Gjertrud Løseth 10. Johanna Løseth 10. Henni og Karle Lystad 15. Fredrikke og John Damli 20. Ingvalda og Bjarne Wahl 20.

(Geitastrand:)

Laila og Odd Klomstein 20.

(Orkdal:)

Arntine og Ivar Andøl 20. Thora Strøm 10. Tordis 10. Brit og Ola Sletvold 20. Lovise og Paul Evjen 30. N.N. 10. Sigrid Opøyen 20. Eva og Johannes Kjøren 20. Signe og Sivert Gjønnes 20. Marta Aleksandersen 10. John Fagerholt 15. Kjell Viken 20. Marta Langås 10.

(Utenbygds:)

Lillian Larsen, Tr.heim 10. Magnhild Skjenald, Børsa 10. Fridtjof Bartnes, Torød 10. Reidun Slørdal, Kyrksæterøra 10. Berit og Trygve Aune, Viggja 20. Ingeborg og Andreas Ingela, Dilling 20. Aslaug og Harald Hansen, Råde 20.

Fra Thailand

Vårt Land har hatt intervju med misjonærparet Eli og Emil Aarsheim som nå har startet opp i Bangkok, den fjerde misjonsmark for dem i Østen. Vi sakser følgende:

Det oppdraget vi har fått er å arbeide blant Thailands borgere. Det betyr at vi kan og skal forkynne evangeliet for alle Gud sender i vår vei, enten de er kinesere eller ikke. Men vi er ikke bedt om å ta opp arbeid spesielt blant kinesere, da dette bl. a. ville medføre ytterligere «ghettodannelser» i det thailandske samfunn og gjøre det vanskelig for mindretallsgrupper å blande seg med den øvrige befolkning. Det viktige for oss fra starten av er at vi ikke tar opp arbeid spesielt blant minoritetsgrupper. Dette har ikke minst misjonsprest Ernst Harbakk understreket i sine rapporter fra undersøkelsesreisene i Sørøst-Asia, noe som også har vunne gjenklang i NMS hjemmeledelse. Så vi vil vise mest mulig åpenhet i løpet av denne tiden.

KFUK/M-Speidarane Svorkmo

Pute, løper klokkestreng:
nr. 72069 — Liv Gunhild Kjøsen.

Pute:
nr. 79714 — Liv Digerås.

Vi vil takke støtteforeningane som gjorde ein utmerka innsats, og alle som støtta oss med å kjøpe lodd.

Speidarane

(Orkanger:)

Ingeborg og Tomas Songli 10. Gjertrud Johansen 10. Jenny Prestmo 10. Roy og J. Dalø 20.

Har du hugsa postgiroblanketten i siste nr. av menighetsbladet?

Geitastrand —

Framhald frå s. 3.

garden skulle delast på brørne Arnt og Johan.

Misjonsbøna til Jon skulle syna seg å gå rikt i oppfylling. Arnts sonesøner Kristian og Johan vart begge misjonsprestar i Santalistan i India. Oldebarnet Egil (Johansen) Ofstad vart eit par periodar misjonslege i Santalistan. Også frå den andre Ofstadgarden vart det kalla misjonærar. Johans soneson Ingvald vart misjonsprest i Kina og Ingvalds søster Andrea misjonær på Vestmadagaskar.

Ingvalds son Jon Egil vart misjonsprest i Sørafrika og Etiopia. Og så kunne vi i siste nr. av Norsk misjonstidende lesa at Jon Egils dotter Kristin var kalla til teneste på misjonsmarken i Etiopia. La oss endeleg såta med at det også vart fleire andre prestar i denne ætta, prestar som vart værande her heime.

Hans Nilsen Hauges virke i Geitastrand og misjonsforeninga i sin tur har tilført det vesle bygdesamfunnet (ca. 500 menneske) Geitastrand mykje vel-signing og nåde gjennom 134 år. Enkle og fattige mennesker var viljuge til å gje mykje — og så fekk dei mykje. Bøner vart bedt og bøner vart høyd. Rik vel-signing vart eit bygdelag og einskildmennesker til del, og så flaut velsigning ut til jordens ytterste ender.

Sanneleg er Gud god og sanneleg er det grunn til å ynske ei misjonsforening til lykke.

K. R.

Vi ønskjer alle kundane våre og alle vi samarbeider med

Ei gledeleg jul!

BØNDERNES SALGSLAG

avd. Fannrem



GUDSTENESTENE I JULE- og NYTTÅRSHELGA



12. 12 3 s. i advent

Moe kyrkje kl. 11: Høgmesse v/res. kap. Eidhamar.

Orkanger kyrkje kl. 18: Skolegudssteneste v/menighets.sekr. Solem, res. kap. Eidhamar.

Orkdal kyrkje kl. 19: Lysmesse v/prost Rogstad. Torshuskoret og Kv. studenters sangf.

16. 12 torsdag

Orkanger kyrkje kl. 18: Skolegudssteneste (ungdomsskolen) Menighetssekrt. Solem og res. kap. Eidhamar.

19. 12. 4. s. i advent

Solsjøbygda kl. 11: Gudst. møte v/res. kap. Eidhamar.

Grendstuggu By kl. 11: Gudst. møte v/prost Rogstad

Orkanger kyrkje kl. 18: Vespermesse v/res. kap. Eidhamar. Orkanger bl. kor, Orkanger skolekor.

21. 12. tirsdag

Orkdal kyrkje kl. 12: Skolegudstj. (barneskolen) v/prost Rogstad

24. 12. Juleaftan

Barnegudstenester:

Orkanger kyrkje kl. 14. res. kap. Eidhamar. Offer til menighetsarb.

Orkland kyrkje kl. 1530 res. kap. Eidhamar. Offer til menighetsarb.

Orkdal kyrkje kl. 1615: prost Rogstad Offer til menighetsarb.

Juleandakter:

Orkland aldersheim kl. 11: Res. kap. Eidhamar.

Orkanger aldersheim kl. 12: Menighetssekretær Solem.

Orkdal aldersheim kl. 15. prost Rogstad.

Orkdal san. f. s. hus kl. 15: Menighetssekretær Solem

25. 12 Juledag

Orkanger kyrkje kl. 08: Ottesang v/res. kap. Eidhamar

Orkdal kyrkje kl. 11: Høgtidsgudst. v/prost Rogstad. Offer til NMS.

Moe kyrkje kl. 11: Høgtidsgudst. v/res. kap. Eidhamar. Offer til NMS.

Geitastrand kyrkje kl. 15. Høgtidsgudst. v/prost Rogstad. Offer til NMS. Buss fra Råbygda.

Orkdal kyrkje kl. 20. Sang- og musikkandakt v/menigh. sekrt. Solem. Diverse kor og orkester. Kollekt.

26.12 2. juledag

Orkanger kyrkje kl. 11: Høgtidsgudst. v/res. kap. Eidhamar. Offer til NMS

31. 12 Nyårsaften

Den gode hyrdes kapell kl. 18. Musikkandakt v/prost Rogstad. Orkanger Musikkorps.

Moe kyrkje kl. 20. Kveldsmesse v/res. kap. Eidhamar. Skrifte — nattverd

1. 1 Nyårsdag

Orkdal kyrkje kl. 11 Høgmesse v/res. kap. Eidhamar. Offer

Orkanger kyrkje kl. 11: Høgmesse v/prost Rogstad. Offer. Buss fra Husdalen.

9. 1. 1. s. e. Kr. åpb. s.

Moe kyrkje kl. 11: Familiegudst. v/res. kap. Eidhamar. «Min Kirkebok» til 4—5 åringer. Offer til IKO

16. 1. 2. s. e. Kr. åpb. s.

Orkdal kyrkje kl. 11: Høgmesse v/prost Rogstad

Orkanger kyrkje kl. 11: Familiegudst. v/res. kap. Eidhamar og menighetssekr. Per Solem. «Min kirkebok» til 4—5 åringer.

Konfirmasjonsdagen 1977 blir mest sannsynlig slik: Orkdal 8. mai, Geitastrand 15. mai, Orkanger 22. mai og Orkland 29. mai. Mange unge går no til konfirmantførebuing. Vi minner om det ansvar menighetene har i dette, og vi minner foreldre om kor viktig det er å vere med barna til gudsteneste.

Søvasskjølen Fjellkirke

er enno ikkje reist. Men vegprosjekt og lysopplegg står framfor snar løysing. Likeins utgraving av tomt. Arkitekt Tollnes frå Sandefjord har eigenhendig stukke ut tomt. Om noen ville gi tømmer til kyrkja så er det ein sunn tanke. Sei frå til Ola Ljøkkel om dette. Dessutan minner vi om gäver elles.

Tjønnåsen

som er Svorkmospeidarane sin leirstad er no under restaurering. Peisen i kjellaretasjen er ferdig, og innreingsarbeida vil bli sett igang snarast. Huset vil bli svært brukbart når dette er ordna.

Nytt om speidarleirar

har vi også. I slutten av juni -77 skal Trøndelag KFUM-speidar ha krinsleir på Julneset ved Molde saman med KFUK speidarane i Romsdal og Nordmøre. Både gute/og jentespeidarane på Svorkmo blir med. Det blir også Rover/Ranger leir der, familieleir og muleg eit opplegg for ulvar/meiser.

I 1978

har både KFUM- og KFUK-speidarane vedteke å ha landsleirane sine i Trøndelag. Den første er alt bestemt lagt til Rinnleiret i Levanger, den andre blir truleg ein plass i Sør-Trøndelag. Til saman vil det bli bortimot 10.000 speidarar på desse leiran.

Eldres julefest

blir på Svorkmo misjonshus 4. juledag 28. 12. kl. 15. Eldre frå heile Orkland sokn er velkomne. Konfirmantane står for arrangementet.

Orkanger Juniorskorps

og Orkanger blandakor har konsert i Moe kyrkje 17. 12 kl. 20.

